

Referat frå FAU-møte 18.4.

Alle klassene var representert

7. klasse har kontroll 17.mai og 9. klasse har kontroll på skuleturplanlegging og økonomien.

Informasjon frå rektor:

Byggeprosess: Første forslag vart sendt tilbake frå bygge- og prosjekteringsnemnda med beskjed om å redusere kostnadsramma kraftig ned til 30 millionar.

Nå er det spørsmål nå er om ein vil lappe litt her og der eller ta det trinnvis i tre steg. Rektor visste skisser med romløyning. Trinn 1 er paviljong inkludert uteområdet. Tilbakemelding frå elevar og tilsette er å prioritere uteområdet. Ulempe med å dele det opp i fleire trinn er at rein ikkje veit om det vert pengar til trinn to og tre seinare. Støtte til uteområdet som skulen har motteke tidlegare må og vil bli bruka dette året. Skulen skal ha møte med arkitekt, kommunedirektør og teknisk i morgon 19.4. Marius ønskjer foreldreengasjement velkommen. FAU-leiaren tek kontakt med avisa for å sette «press» på saka.

PC-ar til ungdomsskulen: Nå har alle elevane fått PC-ar også 9. klasse som først vart tenkt til neste år.

10. klasse må levere PC-ane til sommaren. For komande 10. klasser vil dei få tilbod om å få kause den ved endt skulegang. Pengane skal gå til skuletur. PC-ane som 10. klasse har nå skal gå til mellomtrinnet til neste skuleår.

Skuleruta for 2023-2024 er ferdig og ligg på heimesida til kommunen.

Tilsettingar og undervisningstilbod: Skulen har vore heldige med tilsettingar. Skulen hadde mange søknadar og kunne velje mellom kandidatane. Variasjon i både alder og utdanningsbakgrunn. Mange nye til ungdomsskulen. Det ser ut til at spansk held fram som no, digitalt. FAU har ønskje om tysk.

For 9. spesielt: Alle lærarar har bidrege i ein svært uheldig situasjon. Julia skal vere kontaktlærer ut året.

Resultat frå elevundersøkinga: fysiske bygg og uteområdet påverkar trivselen, denne ligg litt under nasjonalt. Støtte frå lærar har høgare score enn i fjor. Støtte i heimen kjem betre ut enn nasjonalt nivå, det same gjeld vurdering for læring, læringskultur, motivasjon, elevdemokrati og medverking og felles reglar. På eller under nasjonalt nivå finn me fagleg utfordring, utdanning og yrkesretteiing, mestring.

Eventuelt: Knust uteljos langs gymsalveggen.

Julia har teke over rådgjevarstillinga til Øystein, ho vil og halde fram i den rolle til neste skuleår.

Ønskje om symjing kvar veke for 2. klasse til neste år.

Innskriving av 11 elevar er blitt gjennomført.

8. og 9. klasse venter tilbakemelding på engelsktentamen. Marius ønskjer raskare tilbakemelding frå tilsette når det gjeld dette, samstundes beklagar han stort.

9. klasse kjem med tilbakemelding på mangelfulle og tome planar, Marius skal ta dette opp med aktuelle lærarar og beklagar sterkt.

Trafikksikkerheit på 1.-4.: Foreldre vert oppmoda om å levere barna, om dei må det, enten før eller etter bussen er der.

Neste møte vert 11.9.2023.

